

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.11.2019

### Orienteringar

Orientering om Ferde AS status per i dag v/ styreleiar Paul Nilsen.

Orientering frå sekretariat for kontrollutvalet v/ leiar Hogne Haktorson.

### Open time

**Aud Karin Oen (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Kan fylkesordførar gjere greie for korleis det går med dagsturhytter i Hordaland. Kva kommunar har fått og korleis er midlane utlyst og delt ut?"

Administrasjonen hadde førebudd slikt svar:

"Fylkestinget i Hordaland løyvde i sak 28/19 (juni 2019) kr 2 mill. til prosjekt «dagsturhytter» og fylkesutvalet vedtok 30.08.19 prosjektplan for dagsturhytter i Hordaland 2019-2021. Dei løyvde midlane for 2019 vert nytta til å gje støtte til 10 hytter. I finansieringsmodellen ligg det eit fylkeskommunalt tilskot på kr. 200.000,- til kvar hytte, samt ei gáve frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane på kr. 100.000,-. Hyttene kan også få tildelt spelemidlar på inntil 1/3 av kostnaden.

Administrasjonen har samarbeidd tett med ulike avdelingar av Sogn og Fjordane fylkeskommune for å legge rammene for eit godt prosjekt til kommunane i Hordaland. På Dialogkonferanse for idrett og friluftsliv 17. -18. september vart kommunane orientert om i prosjektet, og kommunane fekk brev 2. oktober 2019 med invitasjon om å søkje midlar frå fylkeskommunen så snart som råd innan 15.12.2019. 5. november vart det gjennomført ein studietur for kommunane til Sogn og Fjordane der dei fekk sett 2 dagsturhytter. Ordførar, idrettskonsulent/kultursjef og næringsssjef vart oppmoda om å delta. Fylkeskommunen sørger for anbodsutlysing og innstilling av leverandør. Kvar kommune skal sjølve skrive avtale med leverandør etter mal gitt av fylkeskommunen.

Med korte fristar og travle tider, er det kjekt å sjå at mange kommunar har prioritert å jobbe med dette. Det er sett krav om eit politisk vedtak i kommunen for å kunne søkje, og per 20.11.2019 har to kommunar meldt om vedtak, Bømlo og Bjørnafjorden, som byggjer hytte både i Os og Fusa. I tillegg har vi fått tilbakemelding på saker til handsaming i Kvinnherad, Vaksdal, Sveio og på Stord. Det er også kome signal frå Austevoll og Masfjorden at det vil kome ein søknad. Det er elles interesse i andre kommunar, men fleire melder at det ikkje er rom for å prioritere dette i 2019. Mellom anna gjeld dette nye Ullensvang og Alver kommunar (potensielt 6 hytter). Tilsagn vert gitt frå fylkeskommunen så snart portokoll frå vedtak i kommunen ligg føre.

Prosjektplanen (2019-2021) legg opp til bygging av inntil 35 hytter og medfører trong for fylkeskommunale løyvingar på til saman 5 mill. kr for åra 2020 og 2021. Fylkesrådmannen har ikkje funne rom for dette tiltaket i budsjettet for 2020."